

## **Styremøte møte i NBF Sogn og Fjordane 2/2-05 på Gordon Gjestetun.**

Desse møtte: Jonill Storøy, Lisbeth Yri, Kai Lille-Homb, Ole Jonny Grøneng, Njål Kjørvik og Haldor Sunde.

### **Sak 1. Kjøp av bridgebord**

Quality Førde Hotel har sagt seg villig til å kjøpe inn bridgebord mot at krinsen avviklar dei av arrangementa sine som blir lagt til Førde på dette hotellet.

Vedtak: Lisbeth og Jonill får fullmakt til å forhandle fram ein avtale.

### **Sak 2. KM par.**

Fire av para som skulle spele sonemesterskap siste helga dette vart arrangert, vart forhindra på grunn av stengde vegar. Skal desse få tilbod om å spele KM-par?

Vedtak: Dei får tilbod om å spele KM-par, og turneringa vert utvida frå 56 til 60 par.

### **Sak 3. NBF organisasjonsdagar 4 – 6. mars.**

Vedtak: Krinsen har ikkje noko eiga markering i samband med dette. Når det gjeld rekruttering vert det vurdert eit samarbeid med andre kretsar med tanke på idear om korleis få dette til.

### **Sak 4. Honorar 2004**

Inntil kr 40 000,- kan fordelast på styremedlemmane.

Vedtak: Kai Lille-Homb utarbeider framlegg til neste styremøte.

### **Sak 5. Ymse**

Kai inngår avtale med Quality Sogndal Hotel vedr. KM-singel.

Haldor lagar til innbyding til KM-par i samarbeid Lisbeth og Jonill.

Startkontingent kr 350,- pr spelar. Halv pris for juniorar

Ein spelar som kvalifisert til KM-par kan spele saman med ein annan kvalifisert spelar sjølv om dei ikkje har spelt saman i sonemesterskapen.

Premiering i Fylkesmesterskapet for par: 1. pr. kr 1 500,- 2. pr. kr 1 000,- 3. pr. kr 500,-  
Deretter abbonement på BIN og bokpremiar

Premiering i KM-par sonemesterskapet: Njål Kjørvik er ansvarleg for dette innafor gitt ramme.

Haldor Sunde  
Sekretær